



Blir det snart ljøs langs vegen ned til Beinavikjo? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sameige Uskedalen Brygge, Uskedal Trelastlager og Ivar B. Arnesen på vegne av andre brukarar har skreve til kommunen og bedt om at det med det fyrste vert montert vegljøs langs den kommunale vegen frå riksvegen og ned til Beinavikjo.**

Dei viser til at brukartalet på denne vegen har auka sterkt dei siste åra. Det gjeld i hovudsak 13 nye bueiningar i Uskedalen Brygge og fleire kjem til. Det gjeld også Uskedal Trelastlager med vare- og godstransport og seks bueiningar langs vegen,

I tillegg kjem anleggs- og nyttetraffikk i samband med vidare utbygging av Uskedalen Brygge og trafikk i samband med renovasjon og post.

Vegen er smal og gåande og køyrande nyttar same vegbanen. Det er eit svært mørkt parti langs vegen. I si tid var var det nokre ljospunkt på denne vegstubben. To av dei er synlege enno og kan truleg nyttast ved ny montering. Det kan dessutan monterast eit punkt i ein eksisterande stolpe. Dermed treng ein ein eller to stolpar for at ljøset skal vera samanhengande og intakt.

Av Ola Matti Mathisen